

Kjære ALLE
medlemmer av
Equinor Seniorklubb
Mongstad.

Turnemda ynskjer deg
velkommen til å bli med
på ein fin vartur /
blomstringstur i
Hardanger!!

19.- 21. mai 2026

19.-21. mai 2026

Dag 1:

Turen startar frå Mastrevik Torg klokka 08.30.
Me køyrer om Eikelandsosen til Gjermundshavn,
ferje til Årsand , derifrå innover fjorden,
gjennom Folgefonn tunnelen til Odda.

Her vert det ein god lunch på Langhuset hjå «Lothe-pus»
Her kan me også rusla litt rundtomkring og
få sjå dei «sangomsuste» bygningane !!

Me får høyra historien om industristaden
Odda, fortalt av Gro Kolbotn som jobbar ved
Industristad Museet i Tyssedal,
enten i Langhuset eller i ein arbeiderbolig
nede i Odda.

Vidare køyrer me langs Sørfjorden på
austsida til Eidfjord, passerar Tyssedal,
Lofthus og Kinsarvik osv.

Tek inn på Vøringfoss Hotell i Eidfjord ein
gong ut på ettermiddagen.
Kl 19 vert det to rettars middag. Deretter er
det «fri ferdsel» ;-).



Vårtur/ blømingstur til Hardanger 19.mai - 21.mai 26



Dag 2 :

Etter ein roleg og god frukost , køyrer me inn Simadalen, tek vegen opp til fjellgarden Kjeåsen, 530 m over Simadalsfjorden , får ein fantastisk utsikt til fjord og fjell !!!

Etter denne luftige seansen, går turen til øvre Eidfjord og lunch på Norsk Natursenter Hardanger. Før eller etter lunch, får me med oss utstillingane og forteljingane om Hardangervidda, dyreliv og natur «Frå fjell til fjøra». Pluss den spektakulære panoramafilmen «Fjord Fjell Foss», regissert av Ivo Caprino, og som er vel verdt å sjå !!

Utpå ettermiddagen returnerer me til hotellet der det vert to rettars middag kl 19. I forbindelse med hotellet er det eit galleri der fleire av Nils Bergslien`s flotte maleri er utstilt, og som me ynskjer å få sjå.

Dag 3 :

Etter endå ein roleg morgon med god frukost på hotellet, set me kursen over den 1380 meter lange Hardangerbrua, som har eit hovedspennet på 1310 meter, gjennom Vallavik tunnellen, passerer Granvin, Kvandal , Ålvik , Fykkesundet, Øystese og kjem til Fartøyvernssenteret i Norheimsund ca kl 12.30.

Her får me omvisning først og lunch etterpå. Forhåpentleg gode og mette og fornøgde ...set me oss i bussen og slappar godt av medan sjåføren køyrer roleg og fint heim med oss ;-)



La oss få ein munter og kjekk vartur i
lag !!!!

For me i Turnemda håpar dette er noko
mange har lyst å vera med oss på ;-)
(Me må ha minst 40 personar med oss
ellers vert denne turen kansellert)

Prisen for ALT dette er ca kr 6500 .- pr person.

**PÅMELDINGSFRIST : 15 MARS 2026
DET ER BINDANDE PÅMELDING.**

**PÅMELDING PÅ MAIL til gtsolsson@gmail.com
eller
TELEFON 92 22 31 69 til Gyda Sandvin Olsson.**

Med vennleg helsing Turnemda.

